

Sund Sokneblad

Nr. 2
10. april 2019
Årg. 88

Lysgloben vert ofte brukta



Lysgloben, som står framme i begge kyrkjene, blir ofte brukt av kyrkjelyden. Ekstra mykje blir det gjerne når det er bønevandring, slik det var i Sund kyrkje i februar.

side 4

Konfirmasjon

I mai skal det vera til saman fem konfirmasjonsgudstestar, 2 i Sund kyrkje og 3 i Kausland kyrkje. Korleis konfirmantane er fordelt på dei 5 gudstenestene ser du

side 5

Minnesmerke

Måndag 29. april skal det vera avduking av eit minnesmerke etter helikopteret som styrtta på ein holme ved Turøy for 3 år sidan. Minnesmerket er ein stein der dei 13 namna på dei omkomne skal stå.

side 6-7

Frivilligefest

Onsdag 6. april vart det laga til fest for alle dei frivillige i kyrkjelyden. Mange hadde møtt fram i Kyrkjekjellaren for å smaka på god betasuppe, kringler og kaker, eller det var for å høyra Marianne Juvik Sæbø syngja eller Kari Fure fortelja om kyrkja i Syria og Irak.

side 8

Kyrkjekino

Sundag 17. februar vart det for første gong skipa til kyrkjekino i Sund kyrkje. Dette er kyrkja i Sund sitt tilbod for alle 18-åringar som har lyst å vera med.

side 9

Sangkompaniet

Etter 22 år vert Sangkompaniet lagt ned. Historien til koret finn du

side 10

Pastoralt perspektiv

Oppfordring til SLØSING!

For ei stund sidan kom eg over ei lita bok med titelen: «Ord til oppmuntring». Boka inneheld ein del bibel-vers til *oppmuntring*. Og eg kjende at eg trong deiorda!

Eg saug dei til meg, medan eg kvilte augo på dei vakre bileta som stod ved sida av.

Enkelt, men godt. Det enkle er ofte det beste...

Og sjølv om *våre* ord ikkje har same krafta i seg som det levande Ordet, så treng vi også oppmuntring frå *kvarandre*. Vi treng å vera *rause* med slike ord, ja, vi kan vel ikkje få for mykje av dei i kvarvarden vår. Vi treng rett og slett å *sløsa* med dei!

Det er lett å finna noko å kritisera. Det er akkurrat som om dette fell lettare for oss enn det å løfta kvarandre opp gjennom oppmuntring. Skal tru kvifor det er slik? Eg veit ikkje svaret, men eg trur det er viktig å stilla spørsmålet. For kritikk gjer noko med oss!

Oppmuntring skal sjølv sagt ikkje vera til hinder for *konstruktiv* kritikk. Den skal vi ta imot med takk. For ofte treng vi hjelp til å få korrigert kurser og finna nytt blikkfeste.

Men vi treng vel så ofte å bli kveikte på nytt! Og då står eit varmt smil og eit oppmuntrande ord i særstilling. Kanskje det var dette apostelen Paulus tenkte på då han skreiv at han fekk *nytt mot...*

Eg, for min del, tenkjer ofte på ein god kristen broder på Sunnmøre, som hadde ei spesiell evne til å oppmuntra meg (og sikkert andre også). Når eg møtte han, fekk eg alltid nytt mot. Hans varme smil og gode ord frå hjarta kveikte meg på nytt til teneste. Difor sa eg til han: Eg trur du må ha *oppmuntringa* si nådegåve!

Heldigvis finns det mange slike mennesker, og eg takkar Gud for at eg har fått møta dei også her i Sund. Dei er verd si vekt i gull! Og eg tenkjer at vi alle kan bidra i så måte. Det er ikkje dei lange utgreiingane som trengs. Det enkle er ofte det beste... Det viktigaste er at smilet og orda kjem frå hjarta. Og det hjarta er fullt av – det talar munnen. Eg trur både samfunnsliv og kyrkjeliv vil bli anleis dersom vi *sløsar* med *ord til oppmuntring...*

Og denne sløsinga vil utelukkande ha positive bivirkningar!

Kjell-Asle Børnes

Velkommen til gudsteneste

14. april – Palmesøndag – Joh 12,1-13

KAUSLAND kyrkje kl 11.00 *Familiegudsteneste med påskevandring* v/K.A.Børnes og Dag R. Pettersen. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet

18. april – Skjærtorsdag – Joh 13,1-17

SUND kyrkje kl 18.00 *Gudsteneste* v/Kjell-Asle Børnes. Nattverd. Takkoffer: Dei fire diaconiinstitusjonane
Musikk: Pavel Girunyan (klarinett)

19. april – Langfredag – Matt 26,30 - 27,50

KAUSLAND kyrkje kl 11.00 *Langfredagsgudsteneste* v/Michal Møgster. *Musikk: Pavel Girunyan (klarinett) og Aslaug Ottestad (kornett)*

21. april – Påskedag – Joh 20,1-10

SUND kyrkje kl 11.00 *Høgtidsgudsteneste* v/Michal Møgster. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Sjømannskyrkja. *Musikk: Aslaug Ottestad (kornett) og Pavel Girunyan (klarinett)*

22. april – 2. påskedag – Joh 20,1-10

KAUSLAND kyrkje kl 11.00 *Høgtidsgudsteneste* v/Michal Møgster. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Menighetsfakultetet
Musikk: Pavel Girunyan (klarinett)

28. april – 2. søndag i påsketida – Joh 20,24-31

SUND kyrkje kl 11.00 *Familiegudsteneste* v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

05. mai – 3. søndag i påsketida – Mark 6,30-44

SUND kyrkje kl 11.00 *Konfirmasjonsgudsteneste* v/K.A.Børnes og Dag R. Pettersen. Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet.
Song: Vivian Steinsland m/band

SUND kyrkje kl 13.00 *Konfirmasjonsgudsteneste* v/K.A.Børnes og Dag R. Pettersen. Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet.
Song: Vivian Steinsland m/band

11. mai – Laurdag – Joh 14,1-11

KAUSLAND kyrkje kl 11.00 *Konfirmasjonsgudsteneste* v/K.A.Børnes og Dag R. Pettersen. Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet. *Song: Vivian Steinsland m/band*

KAUSLAND kyrkje kl 13.00 *Konfirmasjonsgudsteneste* v/K.A.Børnes og Dag R. Pettersen. Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet. *Song: Vivian Steinsland m/band*

12. mai – 4. søndag i påsketida – Joh 14,1-11

KAUSLAND kyrkje kl 11.00 *Konfirmasjonsgudsteneste* v/K.A.Børnes og Dag R. Pettersen. Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet. *Song: Vivian Steinsland m/band*

17. mai – Grunnlovsdagen – Luk 17,11-19

SUND kyrkje kl 11.00 *Familiegudsteneste* v/Kjell-Asle Børnes. Takkoffer: KIA (Kristent Interkulturelt Arbeid)

KAUSLAND kyrkje kl 12.30 *Familiegudsteneste* v/Kjell-Asle Børnes. Takkoffer: KIA (Kristent Interkulturelt Arbeid)

19. mai – 5. søndag i påsketida – 1 Kong 8,12-13.27-30

SUND kyrkje kl 11.00 *Gudsteneste* v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. Takkoffer: NKSS (Norges Kristelige Student- og Skoleungdomslag). *Song: Sund Blandakor*
SØNDAGSSKULE!

Framhald neste side

- Når det står 'Dåp' betyr det at det er *høve* til å ha dåp
- Det er som oftast kyrkjekaffi, men ikkje alltid dersom lokala er uteleggde
- Endringar i lista kan skje. Sjå gudstenestekunngjering i fredagsavisa av Vestnytt

Kyrkjekjessyss - Indre Sund

Kontaktperson: Arne Dåvøy - tlf. 56 33 94 27

Helsing fra prosten

Jeg har på grunn av sjukdom vært ute av tjeneste i flere måneder.

I oktober ble jeg kreftoperert, og etter en kort periode i delvis arbeid igjen, fikk jeg like før jul et akutt hjerteinfarkt.

Nå er jeg med på hjerterehabilitering på Haukeland universitetssjukehus. Jeg er svært takknemlig for den hjelpen jeg har fått av helsevesenet.

Hjertelig takk for all omtanke og forbønn dere har vist i denne tida!

Det har betydd mye for meg, og jeg har satt stor pris på en slik medfølelse! Gjennom alt som har skjedd, har jeg opplevd Guds styrke og nærvær.

Erling Kopperud



Between-klubb

Vil du bli med på klubb?

Vi møtest

23. april
21. mai

klokka 17.30-19.30

i Sund kyrkje,
kyrkjekjellaren.

Frå 4. klasse og oppover.

Leikar
aktivitetar
Bibelen
kveldsmat

Velkommen,
og ta gjerne med ein venn!

DEN NORSKE KYRKJA



Ny giro med rett kontonummer

I førre nummer av Sund Sokneblad hadde vi med ein giro som viste seg å ha ein viktig feil: Kontonummeret galdt ikkje lenger. Sund sokneråd hadde nemleg bestemt å ha ei opprydding i mange ulike kontonummer. Eit av kontonummera som vart sletta, var kontonummeret for innbetaling av den frivillige kontingensten til soknebladet. Dette skjedde utan at soknebladet vart gjort kjent med endringa.

Slike ting kan skje i ein travel kvardag. Men for alle dei som brukte giroen, var det ikkje så kjekt når dei fekk melding om at kontoen var sletta. Vi seier oss leie for det som skjedde.

NY GIRO

I bladet denne gongen har vi difor med ein ny giro, og den er påført det nye kontonummeret for innbetaling av kontingensten til Sund Sokneblad. Vi håpar at du vil bruka giroen denne gongen, slik at du er med på å dekka ein del av utgiftene med å trykkja 6 blad i året og distribuera dei rundt til alle postkassane i Sund.

Skulle det skje at du ikkje får soknebladet i din postkasse, er det fint om du melder frå til kyrkjekontoret, slik at dei kan få ordna opp i problemet.

Velkommen til gudsteneste

Framhald frå førre side

26. mai – 6. søndag i påsketida – Matt 6,7-13

KAUSLAND kyrkje kl 11.00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes.
Dåp og Nattverd. Takkoffer: Amathea

30. mai – Kristi himmelfartsdag – Joh 17,1-5

TELAVÅG bedehus kl 11.00 Gudsteneste v/Michal Møgster.
Nattverd. Takkoffer: Bedehuset

02. juni – Søndag før pinse – Joh 16,12-15

SUND kyrkje kl 11.00 Gudsteneste v/Michal Møgster. Dåp og
Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet
SØNDAGSSKULE!

Myldredag i Sund kyrkje

Middag - bibelfortelling
aktivitetet - song
Kyrkjekjellaren
klokka 17.00-19.00

7. mai

Alle generasjonar er velkomne!

DEN NORSKE KYRKJA
Sund kyrkjelyd



Myldredag i kyrkjelydshuset på Kausland

Middag - bibelfortelling
aktivitetet - song
Kyrkjelydshuset
klokka 17.00-19.00

24. april
22. mai

Alle generasjonar er velkomne!

DEN NORSKE KYRKJA



Bønevandring i Sund kyrkje

I Sund kyrkje var det bønevandringsgudsteneste om kvelden søndag 17. februar.

Som vanleg når det er slike gudstenester, var det laga til fleire postar rundt om i kyrkje som ein kunne besøkja etter preika og kunngjeringane.

På sin vanlege plass stod lysgloben. Her kunne ein tenna eit lys, og det var mange som nytta seg av nettopp denne stasjonen.

På sin vanlege plass stod òg offerskåla. Her kunne ei gje ei offergåve, som denne dagen gjekk til Bibelselskapet. Mange tok turen rundt altaret denne dagen for å gje gåva si.

I nærleiken av offerskåla stod krossen. Her var det plassert nokre steinar. Viss det var nokon som symbolsk ville leggja av ei «bør», kunne dei ta ein Stein og leggja han

ned under krossen.

Den siste posten var bak i kyrkja. På eit bord her var det plassert lappar og ei skål. Lappane kunne ein bruka til å skriva ei bøn på og leggja dei opp i skåla. Ein kunne sitja ved bordet og skriva, eller, som fleire gjorde, ein kunne sitja på golvet eller ein annan stad. Då bønevandringa var slutt, vart skåla boren fram til altaret og bønene vart teken med i ei generell bøn av presten.

Betweenskoret skulle eigentleg ha sunge under denne gudstenesta, men dei var så hardt ramma av forkjøling at dei måtta meldt forfall. Men Borghild Hustad Berge tok ansvar og song i staden for Betweenskoret.

Olai Otterå



Bak i kyrkja kunne ein leggja ei bøn i skåla.



I offerskål kunne ein gje ei gåve til Bibelselskapet.



Mange tende eit lys i lysgloben.



Då Betweenskoret var ramma av forkjøling sa Borghild: Eg kan synga for dei.



Ved krossen kunne ein leggja frå seg ei «bør» i form av ein Stein.



Kjell-Asle Børnes heldt foredrag om velsigninga på føremiddagstreffet i februar.

Velsigninga – til velsigning

Velsigninga var tema for Kjell-Asle Børnes då han var gjesten på Føremiddagstreffet i Kausland kyrkjelydhus sist i februar.

Han fortalte at alt i 4. Mosebok er det snakk om velsigning. Den velsigninga som vi truleg er mest kjent med, er den aronittiske. Gudstenestene i kyrkja vert avslutta med den, og presten seier: «La oss stilla oss inn under Herrens velsigning.» Også i andre samanhengar vert den velsigninga nytta.

Før Luther var ikkje velsigninga så mykje i bruk, men han fekk til ei ordning frå 1526 då gudstenesta vart avslutta med velsigninga.

I jødedommen har det derimot alltid vore velsigning. Den einaste oppgåva til presten i synagogegudstenesta var å lysa velsigninga. Han reinsa seg og kledde seg for oppgåva. Folket skulle ikkje sjå hendene til presten, for der kvilte Guds nærvær.

Kjell-Asle kom inn på innhaldet i velsigninga. 'Herren beskytter og bevarer, og Han lar sitt ansikt lysa over oss.' Kjell-Asle viste her til forteljinga om den bortkomne sonen der det står at faren lyser i ansiktet når han får sjå sonen att. Og faren er her Gud.

I velsigninga heiter det òg at 'Herren løfte sitt ásyn (andlet) mot deg'. Her viste Kjell-Asle til korleis det var å møta kongen i gamal tid. Viss kongen senka blikket, var ein i trøbbel. Viss han derimot løfta blikket, tydde det nåde og gunst, framtid og håp.

I dag mottar vi velsigninga ansikt til ansikt. Vi må ikkje sjå ned slik som før for ikkje å sjå hendene til presten. Vi ser på ein måte på hendene som har naglemerke i seg.

Ola Otterå

Konfirmasjonsgudstenestene i Sund

I mai skal det vera til saman fem konfirmasjonsgudstenester i Sund. Sundag 5. mai er det to gudstenester i Sund kyrkje med til saman 32 konfirmantar. Dei 34 konfirmantane i Kausland kyrkje er fordelt på tre gudstenester, to på laurdag 11. mai og ei på sundag 12. mai. Til saman er det altså 66 konfirmantar i år i Sund.

SUND KYRKJE, 5. MAI KL. 13.00

Cecilie Johannessen
Elise Glesnes Scott
Emil Thormodsen Høyland
Herman Ågotnes
Ida Veka
Ingrid Sandtorv Juliussen
Julie Sangolt
Maiken Guo Yuan T. Hillestad
Maria-Mathilde Eikeseth
Peter Ringheim Thuestad
Sarah Stormark Moldøen
Tobias Fredheim Kleppe
Trygve Berntsen
Victoria Isabell Vågenes
William Andre Giskegerde

KAUSLAND KYRKJE, 11. MAI KL. 13.00

Aleksander Krog
Audun Aleksander Eikemo
Aurora Ryland Erichsen
Emma Telle Fjell
Justin Alain Busomoke
Kristoffer Sand Soltvedt
Marius Kallestad
Martin Ekren Høvik
Mathias Yung Stubsvæ Kausland
Oliver Johan Kausland
Sandra Eriksen
Silje Drazdiak Tyborg
Sondre Stikholmen

SUND KYRKJE, 5. MAI KL. 11.00

Astrid Klepsvik
Emma Forland
Gabrielle Hammersland Kleppenvik
Helene Blomvågnes Pedersen
Jennie Zhi Dalseide
Joakim Kalstad
Knut Aleksander Føleide Johannessen
Magnus Krondorfer
Malene Ulvøen Forland
Marie Serine Johannessen
Marius Kleppe
Mathilde Forland
Oliver Vangsnæs Hammersland
Regine Husa Skoge
Steffen Pedersen Eken
Thea Hammersland Løtvedt
Trygve Berge

KAUSLAND KYRKJE, 11. MAI KL. 11.00

Asbjørn Fjeldstad Glesnes
Dennis Lunde
Håvard Mikal Vetås Vorland
Karsten Junior Østervold Høyland
Sondre Førde Landro
Susanne Toft
Tiril Forland Glesnes
Vegard Sørliie Krogsæther
Vincent Nikolai Toft


KAUSLAND KYRKJE, 12. MAI KL. 11.00

Adrian Marcus Mortensen
Amilia Erstad
Christian Hammersland
Hans-Magnus Golten Pettersen
Hermine Lovise Finnirk
Jonas Eide Bildøy
Julie Hitsøy Ramsland
Madeleine Vestheim Glesnes
Maria Louisa Nekkøy
Marius Steinsland
Ole Andre Blikberg
Stine Helen Ekerhovd



Kunstnar Arne Mæland bearbeider Minnesteinen som er henta frå Øygarden, der namna på dei 13 omkomne skal festast på.

ALLE FOTO: ØK/OV



Avduking av minnesmerke

Turøy-samfunnet har i åras løp vorte råka av fleire ulukker. Havet har kravd mang ein fiskar, og lokalsamfunnet ute i havgapet veit korleis det kjennest å vera i sorg etter ei ulukke. At eit helikopter, som dagleg fyk over hustaka, skulle dette ned, var ikkje til å tru.

Den 29. april i 2016 kl. 12 styrta eit helikopter på ein holme like ved Turøy. Helikopteret skulle frakte mannskap frå Gullfaks B-plattforma til Flesland, og alle dei 13 om bord mista livet. Lokalsamfunnet på Turøy vart vitne til ei av dei største helikopterulukkene i no-regshistoria.

Avduking av minnesmerke

På 3-årsdagen etter ulukka vert det avduka eit minnesmerke; ein granittstein frå Øygarden. Minnesmerket vert plassert på ein kolle like ved Turøybrua, og namna til dei 13 omkomne vert festa til steinen med ei plate.

Oversiktsbilete med Turøysamfunnet i bakgrunnen.

Avdukingsseremonien tek til mandag 29. april kl. 15.00.

Ordførarane i kommunane Sund, Øygarden og Fjell samt sokneprestane i Sund og Øygarden vil lesa opp namna på dei omkomne. Seremonien varer om

lag ein time, og vert ramma inn av musikkinnslag med lokale krefter. Arrangementet er ope for alle som har høve til å delta.

Velkommen!

Ottar Vik
koordinator



Fest for alle dei frivillige i kyrkjelyden

Kvart år stiller staben opp for dei som står i ei frivillig teneste i kyrkjene våre. Bordet i kyrkjekjellaren i Sund kyrkje var dekket fint i fargane grønt og kvitt, levande lys og roser. Her var det berre å setja seg og ta i mot.

Diakon Hildegunn B. Myklebust ynskte oss velkommen og knytte festen opp mot ordet frå Jes 43,18: Sjå, eg gjer noko nytt, no spirer det fram.

Kyrkjeverja Olav Martin Vik bad oss alle verdsetja dei frivillige medarbeidarane. Han skulle gjerne sett at det var fleire frivillige. Vidare peika han på at folk i Sund er flinke gjevarar. Denne gjevarleda må takast vare på.

Etter bordverset serverte staben betasuppa. Praten gjekk lett rund borda. Seinare på festen kom det kaker og kaffi.

Journalist i Dagen og forfattar, Kari Fure, fortalte om kyrkja i Irak og Syria. Ho hadde eit særskilt blikk for kvinnene sin

situasjon i desse krigsherja landa under sine besøk der. Me fekk høyra om korleis mange av desse kvinnene greidde seg, samstundes som ho viste bilete. Dei som var nysgjerrig og ville veta meir, fekk høve til å kjøpa den siste boka hennar *Krigens døtre*.

Ordførar Karianne Landro helsa også til dei frivillige og sa at desse årlege festane likte ho å vera med på.

Og sjølv sagt kom soknerådsleiar Brynhild Enerhaug med ei helsing. Ho også takka dei frivillige for det arbeidet dei gjer.

Som avslutning var det ein andakt i kyrkjerommet med sokneprest Kjell-Asle Børnes.

Inn i mellom alt dette song Marianne Juvik Sæbø vakkert, akkompagnert av kantor Irina Tarasova og kyrkjelydspedagog Dag Reidmar Pettersen.

Tusen takk til staben som stelte i stand denne kvelden!

Harold Trellevik



Marianne Juvik Sæbø sang for dei frivillige.



Kari Fure fortalte om kyrkja i Irak og Syria.




I tillegg til betasuppe vart det servert både kringler og marsipan-kaker.



Ein del av dei frivillige i kyrkjelyden som var samla til fest i kyrkjekjellaren 6. mars.

Då Bibelen blei Bibelen



På kort varsel stilte Kjell-Asle Børnes opp som foredragshaldar på føremiddagstreffet i Kyrkjekjellaren i mars.

Egentleg var det Trygve Hellesøy som skulle vera der og fortelja om si prestegjerning i Kautokeino-området. Men grunna sjukdom i familien måtte han trekkja seg, og på kort varsel steppa Kjell-Asle Børnes inn på føremiddagstreffet i mars. Han fortalte om kor trøngt nålaugen var då bøkene i Det nye Testamentet vart godkjende.

Det har vore kjent at IKEA-katalogen etter kvart er blitt trykt i fleire eksemplar enn Bibelen. Då Gunnleik Seierstad vart kjent med dette, sa han: «Det er vel så, men dei slår oss ikkje på innhald.»

I ára mellom år 50 og år 100 vart dei skriftene som utgjer Det nye Testamentet, samla. Var skriftene skrivne seinare, var det ikkje lenger folk som kunne vitna om det som hadde skjedd. Bøker som var skrivne så seint at ingen hadde opplevd

hendingane, vart altså ikkje godkjende.

Hovudutvalet vart gjort på 100-talet, men det var først på slutten av 300-talet at det vart endeleg bestemt kva bøker som skulle få plass i Det nye Testamentet.

Augustin hadde følgjande tre punkt som måtte oppfyllast:

1. Skriftene måtte ha eit apostolisk opphav (måtte vera skrivne av ein apostel eller ein hjelpestmann)
2. Dei måtte ha eit apostolisk innhald (måtte stemma med det ein visste om Jesus)
3. Bøkene måtte vera kjende og ha allmenn utbreiing og bifall.

Det var såleis eit ganske trøngt nålauga Bibelen måtte gjennom før han vart godkjend, fortalte Kjell-Asle Børnes.

Olai Otterå

Kyrkjekino


med bønevandring

På sundag 17. februar lanserte vi **Kyrkjekino med bønevandring** i Sund kyrkje for alle 13-åringane som ville vere med ☺

Då vi treffes, ein fin ungdomsgjeng, kl. 13.00, blei vi først litt kjende med kvarandre før vi rigga oss til i kyrkjekjellaren med stort lerret og godt lydsett. Det var Narnia-filmen «Løven, heksa og klesskapet» som stod på menyen. Dette er ein lang film, så det var heilt naudsynt med ein liten pause midt i og finne fram rikeleg med snacks!

Etter filmen hadde frivillige i kyrkjelyden laga herleg middag til oss og vi åt saman og prata om alt mellom himmel og jord! Men med lange arrangement inne i ei kyrkje kan det vere godt med litt frisk luft, og vi bestemde oss for å ta ein tur ut og prøve oss på boomerang-kasting på fotballbana! Vanskeleg, men gøy også ...

Narnia-filmen har mange kontaktpunkt med påskebodskapen. Og etter den friske turen ute, las vi saman i Bibelen om korleis Jesus leid og døde på krossen for våre synder, men sigra over døden og stod opp igjen på den tredje dagen. Så prata vi om at nettopp fordi Jesus har ordna



opp for oss, er vegen til Gud heilt open! Han elskar oss og bryr seg om oss og inviterer oss faktisk til å koma fram for han med alt det vi har på hjartet. Dette kallast å be.

13-åringane sin dag i kyrkja enda med at dei blei med på bønevandringsgudstenesta i Sund kyrkje kl. 18.00, saman med resten av kyrkjelyden.

Det spesielle med denne gudstenesta, er at det er sett opp stasjonar rundt om i kyrkjerommet der ein kan be til Gud på ulike måtar – tenne lys for nokon, skrive sin eigen bøn til Gud på papir, bere ein stein fram til krossen og legge «børa» si frå seg hos Herren... Midt i gudstenesta kan alle som vil, vandre rundt på desse bøne-stasjonane.

Det var tydeleg at 13-åringane hadde det gøy i lag, og at det blei ein spennande og tankevekkande dag i kyrkja!

Dag R. Pettersen

Vårmarknad

Vel møtt til
vårmarknad i

**Kausland
kyrkjelydshus**
laurdag 27. april
kl 1400

Pengane går til
ungdomsarbeid i
Sund kyrkjelyd.



Tur til «Institutt for sjelesorg»

Kyrkjelydane i Fjell og Sund inviterer deg med på tur 19.-23. august. Ønskjer du å vere med oss?

Vi reiser med tog frå Bergen i samla flokk. Prisen inkluderer alt: reise, opphold m/full pensjon, undervisning og dagstur.

Staden ligg i furuskogen ikkje langt frå Modum Bad. Stille og fredeleg og eit flott turområde.

Alle får eigne rom med dusj og toalett.

Turen kostar **7000 kr**, og det er påmelding til Ellen Ebbesvik, diakoniarbeidar i Fjell:
mobil 924 42 881 innan 21.06.2019.

Sangkompaniet er historie

I oktober 1996 startet Gjermund Mildestveit, som da var kantor i Sund, et nytt kor knyttet til Sund Kyrkjelyd. Det var gått noen år siden Sund Kyrkjekor la ned. Etter avstemming i koret ble navnet Sangkompaniet. Tanken og ønsket med koret var å syne et bredt repertoar, salmer, liturgi, men også viser og populärmusikk.

Et bredt repertoar må det vel kunne sies at Sangkompaniet har hatt. I mange år arrangerte koret vårkonsert, der det selv hadde mye av underholdningen. Men det ble også leid inn gjester. Noen år var det ungdommer fra kulturskolen som sang og spilte, mens det andre ganger var mer etablerte utøvere som var gjester, som Roy Vorland, trekkspillere, kåsører som Jimmy Øvredal, og mange flere. Disse vårkonsertene ble holdt i Klokkarvik grändahus eller ungdomshuset Vaagheim i Skogsvåg. Det var stort oppmøte på disse arrangementene, noe koret satte veldig pris på.

Men de fleste arrangementer har vært i kirken. I tillegg til å være til stede for å syne på høymesse sondager, har det vært arrangert mange konserter og holdt mange sang- og musikkvelder. En del av dette har vært i samarbeid med andre kor.

Juleoratoriet

En storsatsing som må nevnes var Juleoratoriet av Johann Sebastian Bach, som Sund Blandakor med sin daværende dirigent Roald Sangolt arrangerte i samarbeid med Sangkompaniet med dirigent Gjermund Mildestveit. Dette ble fremført i Sund kyrkje og Foldnes kyrkje.

Sangkompaniet har i alle år hatt et godt samarbeid med Sund Blandakor og Sund Brass, og har gjerne hatt felles julekonserter. Felles arrangement med Sund Blandakor var det også i juni 2006, da korist i begge kor Erling Toft og Arne Olav Nilsen fikk tildelt Kongens fortjenstmedalje.

Jesu 7 ord på korset

«Jesu 7 ord på korset» har vært fremført av Sangkompaniet flere år på Skjærtorsdag kveld. Dette er et mektig verk av Knut Nystedt, og med Leif Tore Michelsen, prest og ektefelle til en av koristene, som evangelisten i verket, ble dette en virkningsfull inngang til resten av påsken.

«Visst skal våren komme» av Eyvind Skeie/Sigvald Tveit er også et verk Sangkompaniet har fremført noen ganger,



Sangkompaniet tilbake i 2017.

da gjerne i samarbeid med andre kor og solister. Verket er blant annet oppført i Sund kyrkje og Blomvåg kyrkje av Sangkompaniet og Øygardskoret. Til dette har vi hatt solister som Sølv Sangolt Førde og Heidi Lambach med flere.

Uroppføring

Sangkompaniet fikk også uroppføring et verk laget av Eilert Tøsse, «Bilete frå Jesu liv», som komponisten laget til bildene i glassveggen mellom våpenhuset og kirkrommet i Sund kyrkje.

Flere samarbeid som kan nevnes er fra Luther-jubileet i november 2017. Da fremførte Sangkompaniet sammen med Sotra Reviderte og Øygardskoret «Erhalt uns Herr, bei deinem wort» i kirkene Blomvåg, Fjell og Sund. I den anledning ble det også øvet inn en del salmer av Luther, som kanskje ikke er så mye brukt. Det var derfor veldig nyttig at korene kunne disse salmene for å hjelpe på allsangen.

Et arrangement som ble et populært tiltak, var det vi kalte «våpenhuskafe». Her foregikk sang- og kåseriinnslag i Sund kyrkje i våpenhuset. Dette var en ide prest Harald Grønnevik hadde med seg fra et annet prestegjeld.

«Vi syng jula inn» har vært årvisst i mange år. Dette har også vært et samarbeid med barnekorene i kirken.

Kortur

Sangkompaniet har også vært på en kortur. Denne gikk til Utstein kloster i april 2007. Det ble holdt konsert i Sørbo kyrkje lørdag. Etter overnatting i klosteret var deltakerne blant annet med på sang sammen med det lokale kirkekoret i Klosterkyrkja søndag. Dette var en fantastisk tur, med Harald Grønnevik som kjentmann.

Sangkompaniet deltok sammen med Sund Blandakor på kulturkved 19. mars 2009 i Sund kyrkje i anledning daværende ordfører Albright Sangolt sin 60-årsdag.

Albright var glad i sang og musikk og var nesten alltid til stede som tilhører når Sangkompaniet skulle syne, noe som ble satt stor pris på.

Så må vi ikke glemme institusjonene, Sundheimen og Solhaug. Det var alltid kjekt og populært å sette av tid til å syne der.

Sangkompaniet har på det meste hatt cirka 20 medlemmer. Da det var 10-årsjubileum i 2006 ble det feiring med konsert både i kirken og konsert/kulturkved i «Vaagheim», med festmiddag for medlemmer med følge.

Få de siste årene

De siste år har Sangkompaniet etter hvert blitt veldig få. Dermed har det vært vanskeligere å ha kapasitet til større arrangement. I 2018 ble det derfor invitert til et prosjektkor for å syne julen inn.

Sangkompaniet ble besluttet nedlagt på årsmøtet den 5. februar 2019.

Nå håper vi det vil fungere bra for kirken med fortsatt prosjektkor ved passende anledninger, der alle som ønsker kan være med. For tiden er det i gang et prosjektkor som skal fremføre «Visst skal våren komme», et samarbeid som også omfatter Sotra Reviderte og Øygardskoret. Dette vil bli et flott arrangement i Sund kyrkje den 6. april og i Blomvåg kyrkje den 7. april.

Vi i Sangkompaniet har hatt et godt miljø med mye latter og glede. Ja, kanskje var det miljøet som gjorde at vi fikk korister som kom reisende fra andre siden av Sotrabrua til øving hver tirsdag. En stor takk til alle som har vært med gjennom disse årene. Sangkompaniet er nå historie, og vi medlemmer vil takke for fantastiske 22 år i Sund kyrkjelyd.


For Sangkompaniet
Annlaug Hatletun

Kyrkjevalet

8.-9. sep. 2019

Kyrkjevalet er to val

Hausten 2019 kan du stemme i to kyrkjeval



Kunngjering om krav til listeforslag ved val til sokneråd

På vegne av valstyret i Sund sokn kunngjør kyrkjeverja krav til listeforslag ved val til sokneråd. Krava er heimla i reglane for kyrkjeval § 7.

Dette kan du lese på www.kyrkja.no/sund

Kyrkjeverja i Fjell, Sund og Øygarden

Sokneprest Terje Aannerød (53) er død

Sokneprest i Fjell, Terje Aannerød, er død. Han fekk påvist alvorleg kreft hausten 2018. Sjukdomen var av ein slik art at den ikkje kunne stoggast.

Terje Aannerød har sett djupe spor ved si teneste i Fjell. Han vart innsett som ein ung kapellan i 1994 - 28 år gamal, vart seinare sokneprest og fekk heile si presteteneste i Fjell - til saman 25 år.

Terje sovna stille inn på Haukeland sjukehus natt til tysdag 26. mars.



Sokneprest Terje Aannerød blei berre 53 år gammal.

Berga av blod

Når vi førebur oss til påske er det vel først og fremst hendingane i *Jerusalem* vi tenkjer på... Og det er jo ikkje så rart, for det var jo der dramaet med Jesus skjedde!

Men for å få tak i *kjernen* av påskebodskapen, kan det også vera lurt å retta oppmerksomheten mot *Egypt*, der israelsfolket var slavar under farao. Vi veit at farao nekta dei å reisa ut til det landet Herren hadde lova dei. Og Gud svara med landeplagene, den eine verre enn den andre.

Og til slutt gjekk dødsengelen gjennom landet, og slo ned alt førstefødd.

Men dødsengelen gjekk forbi dei dørene som hadde *blod* på dørkarmen - blodet av eit lytelaust lam. Dette blodet

heldt dødsdommen borte. Dei som satsa på og sette sin lit til blodet – vart berga!

Mange hundre år seinare rann det meir blod - blod frå eit lytelaust offerlam.

Denne gongen rann ikkje blodet nedover dørkarmen, men nedover *kors-bjelken*.

Men også dette blodet, *Jesu* blod, held dødsdommen borte for alle dei som satsar på Kristus! Ja, apostelen seier det jo slik, i Rom 8,1: «Så er det då inga fordøming for dei som er i Kristus Jesus.» For det er fullbragt! Blodet er fullgod betaling! Det har Gud Faderen slått fast ved å reisa Sonen opp frå død og grav.

Og dermed er evangeliet dette: Den som set sin lit til *blodet*, blodet frå det lytelause lammet, bergar livet, det *evige* livet!

Og pantet, beviset, erklæringa om at så er tilfelle, er altså ei *tom* grav og ein *levande* Herre og Frelsar, som seier til oss:

«Ver ikkje redd! Eg er den fyrste og den siste og den levande. Eg var død, men sjå eg lever i all æve og har nyklane til døden og dødsriket.» (Op 1,17-18)

Og: «Den som trur på meg,

skal leva om han så dør.» (Joh 11,25)

Har DU satsa på *blodet*, blodet frå det lytelause lammet?

Då kan du syngja med salmediktaren:

«*Jeg har en venn som har gitt sitt liv for at jeg skal få leve..., og når han drepes uskyldig, blir min dødsdom ugyldig.*»

GOD PÅSKE!

Kjell-Asle Børnes

Påskeandakt

Diakoniutval i Sund sokn

Det er veldig kjekt å kunne informera om at forutan diakonimedarbeidar, har fylgjande sagt ja til å stå i diakoniutvalet: Bente Aase, Ruth Bakke og Anette R. Børnes.

Første møte vert i april, og første oppgåve blir å lage ein diakoniplan for Sund sokn.

Du kan ringja **Kirkens SOS** heile døgeret, tlf. 22 40 00 40
Kirkens SOS teksttelefon for døve, tlf. 55 32 56 97

GRAVMINNER



**Løvaas
Naturstein**



Tlf. 55 92 25 30 • Espehaugen 54, 5258 Blomsterdalen

Man- fre kl. 9.00-17.00. Lørdag stengt.

www.lovaasnaturstein.no

Sotra Omegn
BEGRAVELSESBYRÅ
- En del av Koba Christensen gruppen



Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet
Skjenet 4, 5353 Straume
(samme hus som Ligningskontoret)

Bergen & Omegn
BEGRAVELSEHJELP
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge
Polden



Espen
Polden



Heine
Polden



Cathrine
Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no



AVD. BERGEN
Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA
2. etg på Shellstasjonen
Sartor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50



Føremiddagstreffa

Serien med føremiddagstreff i vekselvis **Kyrkjekjellaren** i Klokkarvik og **Kyrkjelydshuset på Kausland** held fram utover våren, den siste ondagen i månaden og tek til kl. 11.30. På føremiddagstreffa har ein alltid ein felles lunsj før ein slepp til ein invitert gjest som snakkar om eit eller anna tema.

24.04 Kausland kyrkjelydshus kl. 11.30

Gjest: Solfrid Nikolaisen

Tema: *Arbeidet på fiskarheimen på Røst*

29.05 Kyrkjekjellaren kl. 11.30

Gjest og tema ikkje klart

Onsdags-treffa

Det er nokre onsdagstreff att denne våren. Dei held til på **Aktivitetssenteret** i Skogsskiftet og tek til kl. **11.00**. Her blir det både god mat og underhaldning.

Datoar:

Onsdag 8. mai

Onsdag 5. juni

Korøving i
Sund kyrkje

9. og 30. april
14. og 28. mai (avslutning)

Nye og gamle medlemmer
er velkomne!

STJERNEKORET

(fra 4 år-3. klasse)
øver klokka 17.30-18.30

BETWEENSKORET

(fra 4. klasse og oppover)
øver klokka 18.30-19.30

DITT LOKALE SENTER

- Det du treng - der du bur!



SUND APOTEK
Tlf. 56 33 88 80

SUND SOLSTUDIO



Tlf. 56 33 74 44



Tlf. 56 33 92 78



Tlf. 56 33 74 93



Tlf. 53 50 28 50 / 485 16 080



Tlf. 56 31 77 34



Tlf. 56 33 70 70

BRANSJE: INTERIØR OG TEKSTIL - BLOMSTER - DAGLEGVARER
FARGEHANDEL - FRISØR - BOKHANDEL - APOTEK
KAFETERIA - MINIBANK - POST I BUTIKK - SOLSTUDIO

Søndagsskule

Vi møtest i kyrkjekjellaren i Sund kyrkje klokka 11.15 til ca. 12.00 (gudstenesta byrjar kl. 11.00)

Datoar:

19. mai

02. juni

Barn i alle aldrar er velkomne!



Tlf. 56 33 90 13

Via **INTERFLORA**
formidlar vi blomstrar
i innland og utland.

Vi er fagutdanna og utfører alt
i binderi til fødsel, dåp,
konfirmasjon, bryllaup,
gebursdagar og gravferder -
og elles det du måtte ønskja.

Plantar òg på gravstader
i Fjell og Sund.

Opningstider:

Måndag-onsdag: 9.00-18.00

Torsdag-fredag: 9.00-20.00

Laurdag: 9.00-16.00

Tlf.: 56 33 90 13

Faks: 56 33 93 01

**Gjevartenesta
i Sund kyrkjelyd:**

Barne- og ungdomsarbeidet:

Kto.nr.: 3628.50.65156

Kyrkjelydsarbeidet:

Kto.nr.: 3470.44.67003

TRENG DU NOKON Å FORTELJE DET TIL?

Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no



Vil du vera med?

Har du lyst å vera med som frivillig i Sund kyrkjelyd?

Har du eit ønske om å ta del i teamarbeidet rundt ei gudsteneste?

Når vi feirar gudsteneste i kyrkjelyden, er det ulike frivillige oppgåver du kan få vera med på:

klokkaroppgåver,
kyrkjevertoppgåver eller
kaffivertoppgåver.

Vi vil gjerne ha deg med!

Ta kontakt med diaconen vår, Hildegunn, så fortel ho deg meir om kva dei ulike oppgåvene går ut på.

Ho kan nåast på mobil **477 07 698** eller på e-post: hildegunn.bornes@sund.kommune.no

**PRESTETENESTA
I SUND**

Kontakt med prest måndag – fredag kl 09.00 – 15.00: **922 18 817**

Ein kan også kontakte Sund kyrkje-kontor: **56 31 90 80**

Nettside

Den norske kyrkja i Sund

Me har bygd opp ei nettside for kyrkjelydane i Sund. Kyrkjeverja har det redaksjonelle ansvaret. På nettsida finn du informasjon om verksemda og ein kalender som viser aktivitetar.

www.kyrkja.no/sund

GRAVMONUMENTER

Egil Fosse

Kvile 17A

5379 Steinsland

Tlf.: 56332166 Mob.: 90669191

NAVNETILFØYELSER - OPPUSSING - REPR. FOR



KJØL STENINDUSTRI AS

6490 EIDE



SUND SENTER, 5382 SKOGSVÅG
TLF 56 31 77 34 - FAKS 56 33 95 87

Din lokale bokhandel

- Nær og nyttig -

Velkommen du òg!

Døypte

24.02 Kausland kyrkje
Frida Midttveit Stoen

03.03 Sund kyrkje
Nora Tellnes Misje

10.03 Kausland kyrkje
Alde Bakke Loddengaard

17.03 Sund kyrkje
Birk Andre Pagapong Eikeseth
Mathias Ekren Nesse

Gravlagde

12.02 Kausland kyrkje
Anders Magne Steinsland, f. 1933

22.02 Sund kyrkje
Anna Nilsen Skoge, f. 1921

05.03 Kausland kyrkje
Morten Telle, f. 1927

07.03 Sund kyrkje
Hans Johnsen, f. 1939

15.03 Kausland kyrkje
Harald Nils Magnus Golten, f. 1945

20.03 Kausland kyrkje
Harald Midttvedt Kløve, f. 1978

20.03 Sund kyrkje
Berit Hellesund, f. 1953 (bisetjing)

22.03 Sund kyrkje
Agnes Margrethe Bjånes, f. 1930

Dei fire diakoni-institusjonane

Dei fire diakoniinstitusjonane som skal få takkofferet i Sund kyrkje på skjærtorsdag, er Diakonhjemmet, Diakonisshuset Lovisenberg, Haraldsplass diakonale stiftelse og Diakonova.

Samtale og sjælesorg

Sokneprest Kjell-Asle Børnes er glad for å bli kontakta for samtale. Det kan opplevest som ein høg terskel å ta kontakt, men det er berre å ta mot til seg og slå eit telefonnummer for å avtale tid og treffestad! Han har teieplikt om det som vert delt. Samtale/sjælesorg kan også føre til skriftemål.

Det er òg ei prioritert oppgåve å gå med nattverd til dei som ikkje lenger kjem seg til kyrkje. Ver frimodig og ta kontakt!

Ynskje om dåp

Fra 1. oktober 2018 vil ikkje kyrkjekontoret lenger få tilsendt fødselsmeldingar frå Folkeregisteret når medlemer i kyrkja har fått barn. Foreldre må difor sjølv ta kontakt og be om aktuelle dataar der det er gudstenester med høve for dåp. Ver ute i god tid! Alle som ber om dåp for barnet sitt, vert inviterte til ei felles dåpssamtale i Sund kyrkje eller Kausland kyrkje, alt etter kva for ei kyrkje ein «soknar til».

Øg unge eller vaksne kan be om dåp. Då vert det individuelle samtalar med opplæring. For unge som ikkje er døypte, vert konfirmasjonsførebuinga som eit opplæringsprogram som òg vert førebuing til dåpsdagen.

Solstrands
Begravelsesbyrå as

Vårt avdelingskontor på Sotra

Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume

Telefon 55 55 16 16 hele døgnet

www.solstrands.no

Vår erfaring - din trygghet

VIRKE
GRAVFERD

Sund Sokneblad

Utgjevar: Sund Sokneråd

Adresse: Kyrkjevegen 30, 5378 Klokkarvik
Konto: 3628.07.11645
Kontingent: 250 kr pr. år
Redigering: Olai Otterå

Redaksjon:
Olai Otterå 928 93 057

Trykk:
Bodoni AS, Straume



E-post:
sund.sokneblad@bkkfiber.no

Opplag: 2.950

DEN NORSKE KYRKJA**Kyrkjekontoret i Sund**

Kontor og sentralbord ope:

Tysdag og fredag kl. 09.00 - 14.00
Onsdag kl. 11.00 - 14.00

Telefon sentralbord: **56 31 90 80**

E-post: kyrkjekontoret@sund.kommune.no

Nettside: www.kyrkja.no/sund

Besøksadresse: Kyrkjekjellaren, Sund kyrkje
Kyrkjevegen 30, 5378 Klokkarvik

Postadresse: Sund Sokneråd
Kyrkjevegen 30
5378 Klokkarvik

Administrasjon

Olav Martin Vik 93 26 44 00
kyrkjeverje

E-post: ov769@kyrkja.no

Tove Olene Foss Solvang 56 31 90 80
kontorleiar

E-post: tove.solvang@sund.kommune.no

Soknepresten

Kjell-Asle Børnes 48 00 26 97
sokneprest 41 41 66 67

E-post: kjell.asle.bornes@sund.kommune.no

Stab

Irina Tarasova 47 45 06 06
kantor

E-post: irina_piano_84@mail.ru
irina.piano.84@gmail.com

Hildegunn Børnes Myklebust 47 70 76 98
diakonimedarbeidar

E-post: hildegunn.bornes@sund.kommune.no

Dag Reidmar Pettersen 47 70 79 52
trusopplærar

E-post: dag.pettersen@sund.kommune.no

Gunnar Langeland 47 71 66 93
kyrkjegardsarbeidar

Rolf Oksnes 90 36 75 47
kyrkjegardsarbeidar

E-post: rolfoksnes@hotmail.com

Sokneråd/fellesråd

Brynhild Enerhaug 90 08 00 96
soknerådsleiar

E-post: brynhild.enerhaug@bkkfiber.no

Påske for alle sansane



Når påskebodskapen blir formidla i Tomaskirken, blir alle sansane tatt i bruk. Lukt, vatn, sand, lys, lydbølger, teiknspråk og følbare objekt er her like viktige som ord og bilet.

I Andebu i Vestfold, rundt to mil frå Tønsberg, ligg ei kyrkje heilt utanom det vanlege. Tomaskirken er verdas første og einaste sansekyrkje – spesialtilpassa for døve, høyslehemma og døvblinde.

– Hos Gud er det nok å berre vera. Det viktigaste er at menneske her blir møtt på sine eigne premissar og med dei føresetnadene dei har for å ta imot ein bodskap, seier døveprest Marco Kanehl.

Sjølv om presten både nyttar seg av teiknspråk, lyd, tekst og bilde under formidlinga av påskeforteljinga, er det liggande på golvet nokon av kyrkjegjengarane verkeleg får føla på bodskapen. Tomaskirken er nemleg utstyrt med det største vibrasjonsgolvet i verda. Heile 54 basshøgtalarar, kopla til kraftige forsterkarar, forvandlar musikk til vibrasjonar som kan kjennast med heile kroppen. Samtidig blinkar eit lysorgel i taket i ulike fargar.

– Vibrasjonen i golvet og lysa i taket omset ikkje berre takta, men alt mogleg i musikken, så du kan kjenna det med heile kroppen. For eit menneske som hovudsakleg kommuniserer kroppsleg, er dette midt i blinken, fortel presten, som gjerne ligg på golvet saman med

forsamlinga under gudstenestene for menneske med medfødt døvblindhet.

Her vert det spelt alt frå eit spesialkomponert preludium til kjenningsmelodien frå TV-serien Twin Peaks. Musikken blir vald ut frå vibrasjonane han gir, ikkje utor meiningsinnhald. Når Tomaskirken arrangerer gudstenester berre for dei døvblinde vert ikkje ord eller bilet brukt og mykje føregår då på golvet.

Variert brukargruppe

– Eg kan sjå på andleta kor mykje sanseopplevingane i kyrkja betyr for brukarane, fortel døvepresten.

Kanehl er tilsett i Signo, ein landsdekkjande diakonal, ideell stiftelse innan Den norske kyrkje, som gir skule, arbeid og helse- og omsorgstenester til døve, høyslehemma og døvblinde. I Andebu har Signo fleire omsorgsbustader, arbeidsplassar, skule- og kompetansesenter, gardsdrift og sansekyrkje.

Fleire av brukarane av tenestane til Signo er multifunksjonshemma. Nokon kan sjå og høyra, men tolkar ikkje sanseinntrykka sine på same måte som folk flest. Mange andre ser godt og er døve med utviklingshemming eller autisme.

– Det varierer kva den enkelte får med seg av den store samanhengen, men det er ikkje så viktig. Vi prøver å ha noko meiningsfullt for alle. Her kan du komma som du er, og bli omfamna av trua rundt deg, seier presten. (NKP)

Kristent Interkulturelt Arbeid (KIA)

Kristent Interkulturelt Arbeid, KIA, er ein frivillig og ideell organisasjon og ein av Noregs første og største landsdekkande organisasjonar på innvandrarfeltet.

KIA blei etablert i 1974 av ulike kyrkjer og misjonsorganisasjonar som såg behovet for ein organisasjon som kunne ivareta det kristne ansvaret i høve til auka innvandring. KIA er ein økumenisk og diakonal organisasjon. «Vår visjon er et flerkulturelt fellesskap, i kirke og samfunn. Vi gjør Norge varmere!» seier KIA om seg sjølv.

I gudstenesta i Sund kyrkje og i Kausland kyrkje på 17. mai skal takkofferet gå til KIA.

Amathea

I gudstenesta i Kausland kyrkje 26. mai skal takkofferet gå til Amathea.

Amathea er ei landsdekkande helseteneste som arbeider i høve til lov om svangerskapsavbrot. Amathea tilbyr m.a. informasjon og rettleiing ved val knytta til graviditet og abort, samtale før og etter abort og oppfølging under graviditeten.

Kvart år tar 1000-vis av jenter og kvinner i Noreg stilling til om dei skal halda fram med eller avbryte eit svangerskap. I denne situasjonen føler mange seg under press av ulike grunnar.

Amathea sitt samfunnssoppdrag er, i følgje dei sjølve, å redusera individuelle og samfunnsmessige belastningar når ein graviditet vert opplevd som utfordrande.

Neste utgåve av **Sund Sokneblad** kjem i veke 23

Stoff til bladet må vera i redaksjonen seinast 22. mai